



Gol kommune

Plan for Sorg- og kriseberedskap i Gol kommune

Vedtatt i kommunestyret i møte 17.juni 2008 sak 55/8.

1.0 Innledning

Denne planen beskriv den praktiske gjennomføringa av sorg- og kriseberedskapen i Gol kommune.

1.1 Plass i kommunens planverk:

1.2 Målsetting

Målsetting med sorg og krisearbeid i kommunen er

- at alle som bur eller oppheldt seg i kommunen, og som av ulike grunnar blir involvert i alvorlege hendingar eller kriser, skal sikrast medmenneskeleg og kompetent kontakt og oppfølging.
- styrke kompetansen til alle i kommunen som driv med sorg- og krisearbeid.

1.3 Definisjon:

”Krise er en avgrenset tidsperiode med psykisk ubalanse hos en person som blir konfrontert med et vanskelig problem som vedkommende på det aktuelle tidspunkt verken kan flykte fra eller løse ved vanlige problemløysande krefter” (Gerald Caplan,1964).

1.3 Lovverk: Lov om helsemessig og sosial beredskap trådte i kraft 1. juli 2001 med det formål å verne befolkningens liv og helse, og bidra til at naudsynt helsehjelp og sosiale tenester blir tilbudt befolkningen under krig og ved kriser og katastrofer i fredstid. Kontakt med andre hjelpeinstanser skal basere seg på informert samtykke.

1.4 Teieplikt

Alle personane som er med i Sorg- og kriseteamet har lovpålagt teieplikt I Sorg- og kriseteamet snakkar ein ope med kvarandre om det som vedkjem krisesituasjonen. Utad har ein teieplikt om det som kjem fram i teamet.

2.0 Medlemmer, prinsipp, oppgåver og funksjonar

2.1 Medlemmer

Leiar for helseavdelinga

Lege

Lensmann

Prest

Psykiatrikoordinator

Representant fra sosialavdelinga

Representant fra PP-tjenesten

Leiande helsesystemer

Alle medlemmene har personleg varamenn (sjå vedlegg 2). Avdelingsleiar for helsetenesta er leiar for Sorg- og kriseteamet.

2.2 Grunnleggjande prinsipp

Sorg- og kriseteamet skal, i prioritert rekkefølge, bidra til å mobilisere, koordinere og støtte opp under dei ulike nivå i omsorgskjeda:

1. Den enkelte si evne til meistring og sjølvhjelp.
2. Nettverk og nærmiljø (familie, arbeidskollegaer, vener, naboar).
3. Yrkesgrupper som vi naturleg kjem i kontakt med som politi, prest, lærarar, ambulanspersonell, journalistar, gravferdsbyrå m.fl.
4. Primærhelsetenesta.

2.3 Oppgåver og funksjonar

Sorg- og kriseteamet skal tre i funksjon når alvorlege situasjonar oppstår, som dødsulukker, sjølv mord, drap eller andre tragiske og traumatiske hendingar.

Sorg- og kriseteamet skal vera eit koordinerande organ som vurderer behovet for å iverksette tiltak i det enkelte tilfelle.

Andre oppgåver/ funksjonar:

- informasjonsarbeid
- vera drivkraft og programnemnd for samlingar i nettverksgruppa
- kan vera pådrivar for oppretting av sorggrupper
- ha faste møter kvartalvis og ellers ved behov
- søke fagleg og operativt interkommunalt samarbeid med andre sorg- og kriseteam når dette blir vurdert nyttig og naudsynt
- gje rettleiing til fagpersonar og andre som treng det i samband med sorg- og krisehjelp

3.0 HANDLINGSPLAN

3.1 Rutiner for innkalling

3.1.1 Varsling

Ved ei ”uventa hending av ein viss storleik” er som regel politi eller lege av dei fyrste som får vita om hendinga eller kjem til skadestaden. Dersom dei vurderer at Sorg- og kriseteamet skal koblast inn:

- varslar politiet leiar for Sorg- og kriseteamet om kva som er hendt.
Dersom leiar ikkje er tilgjengeleg, skjer varslinga via legevakt – ut frå oppdatert liste over Sorg- og kriseteamet.
- Leiar kallar så saman heile eller deler av teamet.

I andre situasjonar kan meldinga koma direkte til leiar, andre medlemmer i Sorg- og kriseteamet, nøkkelpersonar og utanforståande. I slike tilfelle må leiar avgjera om teamet skal kallast saman. Kvar medlem i Sorg- og kriseteamet har personleg vara som kan gå inn dersom den faste medlemmen ikkje kan møte.

Fylgjande personar, institusjonar og planverk må ha tilgang til oppdatert liste med namn og telefonnummer til medlemmene (sjå vedlegg 1):

- Alle medlemmer og varamedlemmer i Sorg- og kriseteamet
- Gol og Hemsedal lensmannskontor
- Nordre Buskerud politidistrikt
- Legar i Hemsedal og Gol kommunar
- Nøkkelpersonane

- Sentralbordet på Kommunehuset
- ”Kriseplanar for Gol kommune”

3.1.2 Møtestad

Møtestad for Sorg- og kriseteamet er kommunehuset.

3.2 Oversikt

Sorg- og kriseteamet skaffar seg først oppdatert oversikt over situasjonen. Ut frå type og omfang på krisa, vurderer teamet kva for tiltak som så skal setjast i verk, og når dette skal skje.

3.3 Informasjon

Riktig og effektiv handtering og formidling av informasjon er svært viktig i samband med ein alvorleg krisesituasjon. Det er viktig å ha gode rutinar for korleis informasjon vert gjeven til dei som er involverte og til media.

3.3.1 Kriser med stort omfang

Når det gjeld store alvorlege krisesituasjonar, vil ”Kriseplanar for Gol kommune” tre i kraft.

3.3.2 Kriser med mindre omfang

Ved hendingar av mindre omfang vil politiet vera sentrale for å gje vidare faktabasert informasjon til publikum og til media (pressekonferanse/ informasjonsmøte). Det er dei som kjenner innhaldet i situasjonen, og veit når dette kan frigjevast.

Kommunens informasjonsansvarlige kobles inn når det er behov for det.

Der barn og foreldre er involvert, skal sorg og kriseplan for skulene tre i verk.

Sentralbordet på kommunehuset vil kunna få mange spørsmål og må vite kven dei skal vise til vidare (se vedlegg 3).

Medlemmer av sorg- og kriseteamet skal ikkje ha sentralt ansvar for informasjon utad. I dei tilfelle sorg- og kriseteamet skal gå ut med informasjon, skal dette vera avklart i teamet og med politi og rådmann.

Sorg- og kriseteamets oppgåve er å koordinera oppfølginga av dei involverte - skadde eller pårørande.

3.4 Ivaretaking av pårørande/ involverte

Sorg- og kriseteamet skal sikre at dei som har behov for det, blir fulgt opp på ein adekvat måte etter kriser.

3.4.1 Oppfølging i akuttsituasjonen.

- Politi/ lege kan ta kontakt med leiar i Sorg og kriseteamet.
- Sorg- og kriseteamet kan ta kontakt med pårørande.
- Pårørande kan ta kontakt med Sorg- og kriseteamet eller kommunens hjelpeapparat.

- Vurdere om sorg- og kriseteamet skal oppgje eit telefonnummer der involverte kan få hjelp.
- Oppfølging kan skje individuelt, i grupper eller etter ”ope hus-prinsipp”.
- Aktuelle møtelokale kan vera Kommunehuset, Helselagsstugu, Bedehuset, Samfunnshuset, ungdomsklubben og skulene.
- Er barn/ unge er involverte tar sorg- og kriseteamet kontakt med rektor/styrrar ved gjeldande skule/ barnehage, sorg- og kriseplan for barn og unge vil tre i kraft.
- Der turistar eller folk utanbygds er involvert skal det tillys å vidareføre informasjon til sorg- og kriseteam og politi lokalt

3.4.2 Oppfølging over tid.

Viktig med regelmessig kontakt når det er nødvendig eller nyttig.

- Sorg- og kriseteamet fordeler ansvar for oppfølging.
- Det kan vera hensiktsmessig å plassere ansvar for oppfølging/ kontakt hos ein nøkkelperson.
- Pårørande kan framleis henvende seg til kven som helst i teamet eller kommunens hjelpeapparat.
- Opprette sorggruppe ved behov.
- Oppfølging kan skje individuelt, i grupper eller etter ”ope hus-prinsippet”.

3.5 Evaluering og debriefing

Etter dei akutte situasjonane er det viktig med ei felles evaluering av Sorg- og kriseteamet sitt arbeid. Dette for å lære og gjere det betre neste gong, og for å rette opp misforståingar, og for å sjå heilheiten i det som er gjort. Dette er leiar sitt ansvar.

Det er svært viktig at medlemmene i sorg- og kriseteamet tek vare på seg sjøl og kvarandre etter aktuelle hendingar. Det må leggjast stor vekt på at medlemmene får bearbeida inntrykka på ein god måte etter ei hending. Det kan også vere aktuelt å vurdere behovet for ekstern bistand og rettleiing.

4.0 NØKKELPERSONAR

4.1 Målsetting

Sorg- og kriseteamet ynskjer at ved krise skal det sikrast medmenneskeleg og kompetent kontakt. Dette kan gjerast ved at fleire i lokalmiljøet får opplæring. Då kan det vera lettare å fange opp dei mindre krisene.

Sorg- og kriseteamet har oppretta eit nettverk av nøkkelpersonar (vedlegg 3).

4.2 Oppgåver

- Ein person som har blitt oppnemnt er ein kontaktperson i forhold til sorg- og krisearbeid på sin arbeidsplass/ lokalmiljø/ organisasjon.
- Deltar på samlingar/ undervisning.
- Spreier kunnskap og driv sorgarbeid på sin arbeidsplass/ lokalmiljø/ organisasjon.
- Har eit koordinerande ansvar for sin arbeidsplass/lokalmiljø/ organisasjon, og kan saman med leiaren eventuelt henvise til Sorg- og kriseteamet.

4.3 Opplæring/oppfølging

Sorg- og kriseteamet vil vera pådrivar for at arbeidsplassar og frivillige organisasjonar skal oppnemne slike nøkkelpersonar. Erfaring viser at det er betre med personleg interesse i

staden for at det er lagt til spesielle stillingar. Sorg- og kriseteamet har ansvar for oppfølging og opplæring av desse nøkkelpersonane.

5.0 EVALUERING

Sorg og kriseteamet har ansvaret for regelmessig og grundig gjennomgang av planen annankvart år. Listene over medlemmer og nøkkelpersonar skal bli oppdatert årleg og sendt ut til aktuelle nøkkelpersonar og aktuelle instansar.

7.0 VEDLEGG

7.1 Telefonliste

7.2 Liste over nøkkelpersoner

7.3 Sentrale punkt i takling av kriser

7.4 Oppfølgingsansvar

VEDLEGG 1

Telefonliste

OVERSIKT OVER MEDLEMMER AV SORG- OG KRISETEAMET I GOL KOMMUNE PR. 22.04.08.

*** Helge Feet**

Tlf. 32 07 51 40/privat 32 07 55 05/ Legevakt 32 07 44 77

Mail: hfeet@hotmail.com

*** Helseavdelinga**

v/ Aud Torill Sæbø

Tlf. 32 02 92 00/ Mobil 916 73 948

Mail: aud.torill.saeboe@gol.kommune.no

Vara: Marianne Jøtun Fauske

Mobil: 916 38 029

Operativ: Helen Jensen

Mobil 454 21 509

*** Helsestasjonen**

v/ Lene Kristin Spangebu

Tlf. 32 02 92 15 / Mobil 922 81 649

Mail: lene.kristin.spangebu@gol.kommune.no

*** Gol og Hemsedal lensmannskontor**

Tlf. 905 76 858

Mail: bent.engebret.oye@politiet.no

Vara:

PPT - Nedre Hallingdal

v/ Grethe L. Rudningen

Tlf. 32 02 95 27/ Mobil 992 24 592

Mail: grethe.rudningen@ppt-ned.no

Vara: Ingrid Henjum

Tlf.: 971 56 777

Gol kyrkjekontor v/ Jan Olav Skinnemoen

Tlf. 32 02 91 37/ Mobil 952 75 312

Mail: jan.olav.skinnemoen@gol.kommune.no

Vara: Knut Skjeldal,

Tlf.: 32 05 95 66/ 959 43 200

Sosialavdelingen v/ Bjørn Skjelseth

Tlf. 32 02 90 98/ Mobil 916 73 961

Mail: bjorn.skjelseth@gol.kommune.no

Vara: Reidar Moen

Tlf.: 472 32 777

Vedlegg 2

Nettverksgruppe GOL

| | | |
|--|---------------|--------------|
| Gjensige Nor Sparebank, Gol | Fredriksen | Solveig |
| Gol ambulanse | Sørensen | Gunvor |
| Gol Bibliotek | Brunborg | Aslaug |
| Gol kommune, Breidokk b.hg | Åsarmoen | Anne |
| Gol kommune, Grendab.hg | Knaldre | Jorunn Borge |
| Gol kommune, Helsetun, sone vest | Hatten | Bibbi |
| Gol kommune, kulturavdelingen | Rosen | Liv |
| Gol kommune, Legekontoret | | |
| Gol kommune, Nærings- og miljøavd Rørvik | | Robert |
| Gol kommune, omsorgsavdelingen | Viljugrein | Jorunn |
| Gol kommune, Psykisk helsevern | Fauske | Marianne |
| Gol kommune, sosialtjenesten | Moen | Reidar |
| Gol kommune, ungdomsklubb | Hansen | Kjell |
| Gol kommune, Vesterhuset b.hg | Olsen | Wenche E |
| Gol og Hemsedal brannvesen | Botnen | Dag |
| Gol og Hemsedal lensmannskontor | Øye | Bent |
| Gol Røde Kors | | |
| Gol skule | Teigen | Ingebjørg By |
| Gol vidaregående | Lilleaas | Kari Beate |
| Gol, Kyrkja | Skinemoen | Jan Olav |
| Hallingdal folkehøgskule | | |
| Hallingdal Kriesenter | Huseby | Karianne |
| Hallingdal Likningskontor | Berntsen | Maiken |
| Hallingdal og Valdres bedriftshelsetj | Sørensen | Unni |
| NAV Gol | Øynebråten | Marit |
| Hallingdal Ungdomsfamilier | Fjørtoft | Harald H |
| Kremmartunet - Gol | Spildrejordet | Mona |
| Kvinnernes frivillige beredskap | Knutsmoen | Åshild |
| PPT- Nedre Hallingdal | Henjum | Ingrid |
| Vinn AS | Pedersen | Bente Anita |

Gol kommune, barneverntjenesten

Pers AS

Storefjell Høyfjellshotell

Sparebank 1, Hallingdal

Nortura

Fretex

Herad skule

Stiftelsen Svalstuen

DBC

Telenor mobil

Gol idrettslag

**Fredsinnssatsgruppe (FIG) i
Hallingdal**

Sentrale punkt i takling av kriser.

En personlig krise defineres ofte som:

Reaksjoner som oppstår etter brå, uventet død eller trussel om død.

Med brå uventet død menes et plutselig, ikke forventet dødsfall som ved selvmord, død ved ulykke osv.

Krisereaksjoner kan også oppleves i mange andre situasjoner og vi mener at:

- 1. Du avgjør selv hva som er en krise for deg!**
- 2. Familien er alltid nærmest til å hjelpe deg når du opplever en krise!**
- 3. Nøl ikke med å kontakte venner, arbeidskamerater eller naboer hvis du tror at de kan hjelpe eller støtte deg!**
- 4. Hvis du er familie, venn, nabo, arbeidskamerat eller bare forbipasserende; nøl ikke med å være et medmenneske for den kriserammede! Forskning har vist at de som opplever kriser har lettere for å komme gjennom krisen når nærmiljøet viser de bryr seg og viser omsorg .**
- 5. Alle innbyggere har en fastlege. Kontakt din fastlege hvis du trenger mer hjelp! Uttrykk klart at du trenger rask hjelp og beskriv krisen når du henvender deg til legekantoret. Fastlegen vil sørge for at andre instanser kommer inn i situasjonen hvis du mener det er nødvendig.**
- 6. Alle kommunale instanser har plikt til å hjelpe deg til rett instans hvis du henvender deg med behov om krisehjelp. Du skal ikke selv trenge å leite deg fram til ”riktig instans”**
- 7. Hvis du ikke vet hvor du skal henvende deg, ring til kommunens sentralbord: 32 02 90 00**
- 8. Utenfor kontortid vil Legevaktsentralen ha et ansvar for å ta imot en krisehenvendelse. Legevaktslegen skal gjøre en vurdering av hvilke tiltak det er nødvendig å sette i gang.**
- 9. Ved henvendelse til kommunale tjenester vil du kunne få informasjon om hvilke instanser som finnes og hva de kan hjelpe med i en krisesituasjon.**

Opplever du, eller opplevde du, at våre tjenester ikke var gode nok ta kontakt med kommunelegen for en samtale!

OPPFØLGINGSANSVAR

Til

Sorg- og kriseteamet ynskjer å sikre at dei som har behov for det, blir følgt opp på ein adekvat måte etter livskrise eller særleg utfordrande hjelpeoppgåve. Dette må bli ein del av arbeidet til det ordinære hjelpeapparatet. Vi har erfaring for at det kan vera nyttig å plassere ansvaret for oppfølginga hos ein utpekt person. Derfor vil vi utfordre deg til spesielt å ivareta oppfølgingsansvaret for:

Med oppfølgingsansvar meiner vi:

- At du sikrar at vedkommande blir følgt opp på ein adekvat måte av deg eller nokon andre i tida framover
- At du er observant også i forhold til oppfølgingsbehov hos eventuell nær familie eller nære venner til vedkommande, og melder dette til sorg- og kriseteamet.
- At du medverkar til at vedkommande blir henvist til personell med særlig kompetanse dersom sorgprosessen stoppar opp eller det oppstår uventa symptom eller signal.

Erfaring viser at det ikkje er tilstrekkeleg å si til vedkommande at det er høve til å ta kontakt viss dette kjennes nødvendig. Derfor bør oppfølginga skje med regelmessig kontakt utan at vedkommande sjølv må signalisere eit behov.

Sorg- og kriseteamet foreslår at oppfølginga skjer med ofte kontakt den første tida og at den minskar gradvis og kan avsluttast etter eit år. Dette må sjølvsagt tilpassast den enkelte. Det er viktig å huske på å ta kontakt i samband med høgtider, ferie og merkedagar.

Formålet med oppfølginga er å gi støtte i den naturlege sorgprosessen og målsettinga er å bidra til at vedkommande sjølv meistarar tilveret.

For å kunne halde ei viss oversikt, ynskjer sorg- og kriseteamet ei kort tilbakemelding, munnleg eller skriftleg, 3 md., 6 md. og 1 år etter hendinga.

Stad, dato

for sorg- og kriseteamet

